



ASKVOLL KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

Det kongelige kommunal- og regiondepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
19 JAN 2005	
04/2771-121	
Ark.	013
Avd.	RA / SSA / MAG

Vår ref.
AKS 05/42-2 05/311

Dykkar ref.

Arkiv
K1-00

Dato:
17.01.2005

NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - FRÅSEGN

Askvoll formannskap har fatta følgjande vedtak i saka:

13.01.2005 FORMANNSKAPET

FOR-007/05 VEDTAK:

Fråsegn frå Askvoll kommune:

1.

Askvoll kommune seier seg i store trekk samd i det grunnleggjande linevalet og hovudmålet for regional -og distriktspolitikken som kommisjonen skisserer.

Ein målretta distriktspolitikk må verte ein del av regionalpolitikken.

Regionalpolitikken og distriktspolitikken må vere tilpassa føresetnadane og trongen i den einskilde del av landet.

Sterke og sjølvstendige lokalsamfunn er den beste måten å skape vekst og utvikling på og ivareta det utviklingspotensialet og vekstkrafta som ligg i dei ulike delene av landet.

Eit regionalt og lokalt folkestyrt leiarsskap er garanti for ein heilskapleg og samordna politikk.

Gjennom det vil ein få ein politikk som er meir samordna og meir tilpassa og såleis meir treffsikker i høve til utfordringar og oppgåver.

2.

Både oppgåver og verkemiddel som er avgjerande for ei regional utvikling må ligge på regionalt og lokalt nivå.

Det er ein viktig føresetnad at makt og mynde må følgje med oppgåvene slik at både regionar og kommunar er i stand til å ta ansvar.

3.

Askvoll kommune er opptekne av og vil understreke nærleiksprinsippet - at offentlege avgjerder vert tekne så nær dei det vedkjem som mogeleg –bør leggest til grunn for oppgåvefordelinga.

Dei oppgåvene som kan leggest til kommunane må leggasst til kommunane.

Det er svært viktig at kommunane får økonomisk grunnlag til å verte gode utviklingsaktørar. Det er og viktig at det lokale nivået får større råderett over lokale resursar.

4.

Askvoll kommune meiner det framleis skal vere tre folkevalde nivå .

Desse nivåa skal på kvar sitt vis vere med å løyse oppgåver og utfordringar som gjer til at det vert produsert gode tenester, utforme likeverdige vilkår og ta i vare det utviklingspotential som ligg i dei ulike delene av landet.

Askvoll kommune er ikkje utan vidare samd i at å etablere store regionar er einaste farbare vegen for å oppnå vekst og utvikling. Det kan ,slik vi ser det, føre til meir sentralisering, meir byråkrati og større ulikskap innan for det området som vert definert som ein region. Ein politikk for ønska vekst må ikkje svekke dei nasjonale målsetjingane om likeverdige tenestetilbod og levevilkår uavhengig av kor ein bur i landet.

Store regionar er heller ikkje garantisten når det gjeld å oppnå maktavståing frå sentralt til lokalt nivå. Det er viljen til å avstå makt det vil stå på og ikkje storleiken på det regionale/lokale nivået som skal overta makt.

Først når oppgåvefordeling, makt, økonomi ,handlingsrom og ansvarsrom er avklara, kan ein ta til å dra grensene for eventuelle nye regionar.

5.

Askvoll kommune konstanterer at kommisjonen også gjer framlegg om ein modell bygd på regionkommunar utgått frå felles arbeidsområde for fleire primærkommunar. Dette kan vere ein interessant modell, ikkje minst sidan dette kan kombinerast med den kommunestruktur vi har i dag. Men vi er meir skeptisk til å etablere eit eige politisk styringssystem med eige folkevalt organ og eige budsjett. Ein kan heller vidareutvikle og styrkje arbeidet gjennom regionråda og gjere dei meir forpliktande. Det kan vurderast om det bør vere faste, pålagde interkommunale oppgåver som kan løysast gjennom ei slik organisering eller om kommunane seg i mellom kan avklare kva oppgåver dei kan samarbeide om.

6.

Fylkesmannsembetet sine oppgåver bør stort sett vere slik dei er i dag av omsyn til nasjonale målsetjingar som gjeld for dei politikkområda som Fylkesmannen har tilsynsansvar og kontrollansvar for. Statusen som ein uavhengig appellinstans for borgarane, borgarane sin talsmann og advokat overfor andre offentlege organ, må ivaretakast.

7.

Dersom produksjonstilskota for landbruket vert redusert, ser Askvoll kommune det som viktig at det samla aktivitetsnivået i distrikta vert halde oppe ved å auke innsatsen for generelle tiltak som til dømes bygdeutvikling.

8.

Askvoll kommune ser det og som ønskjeleg at det vert enklare å starte opp foredling og omsetting av lokalt produserte råvarer.

9.

Tilskotsordningar gjennom EU og EØS-systemet må utnyttast og brukast.

10.

Askvoll kommune støttar kommisjonen sitt krav om at etablering av ny statleg verksemd som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstadsområdet. Vi er og samd i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstadsområdet må halde fram og intensiverast.

Med helsing

for Aud Kari Steinsland
ordførar

Ingun Johanne Helle Breidvik